

Årsrapport 2009

Slik fylkesrådmannen ser det

Rekneskapsresultat

Arbeidsgjeverområdet

Opplæring

Kultur

Regional utvikling

Samferdsle

Den offentlige tannhelsetenesta

Vedlegg, resultat sett i høve målekart 2009



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Foto: Knut Henning Grepstad

Slik fylkesrådmannen ser det

Forvaltningsreforma betyr auka ansvar og mynde for fylkeskommunen på områda kunnskap og opplæring, samferdsle, næring og innovasjon, fiskeri og havbruk, kultur, folkehelse, miljøvern og landbruk/mat. Dette ansvaret vert overført frå 01.01.2010.

2009 har vore sterkt prega av førebuing og kompetansebygging. Det har vore ei krevjande oppgåve som har kome i tillegg til dagleg tenesteproduksjon, forvaltning og regionale utviklingsoppgåver. Det har gitt nye utfordringar og nytt handlingsrom. Reforma har styrka fylkeskommunen si rolle som leiande regional utviklingsaktør og gitt større nærliek til

brukarane, meir heilskapleg politisk overblikk og betre samhandling med kommunane og næringslivet.

I Ot.prp. nr. 10 er det sagt at forvaltningsreforma skal medverke til å realisere følgjande mål:

- "Et forsterket folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå gjennom desentralisering av makt og myndighet og klar ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåene.
- En mer samordnet og effektiv offentlig forvaltning ved at ulike sektorer ses i sammenheng innenfor den enkelte region.
- Verdiskaping og sysselsetting

basert på lokale og regionale fortrinn og forutsetninger, som sikrer det framtidige grunnlaget for velferden i samfunnet.

- Effektiv ivaretakelse av nasjonale mål som for eksempel bærekraftig utvikling, likeverdige tjenestetilbud og rettssikkerhet for den enkelte."

Kunnskap og opplæring

Fagskuleutdanninga er no vårt ansvar. Utdanninga er samla under felles leding. Vi skal og utnemne to av styremedlemene til høgskulen.

Samferdsle

Vi har no ansvar for 2575 km veg eller 80% av det offentlege vegnettet (utanom kommunalt vegnett) og 8 samband med 13 ferjestrekningar. Den nye delen av fylkesvegnettet har hovudtyngda av trafikkmengda. Vi får meir enn ei dobling av tunnelar og bruer. Dette er ei formidabel oppgåve.

Fram til 2014 har vi fått tilleggsressursar for å gjennomføre bindingar på store prosjekt som Stortinget vedtok i 2009. Dette gjeld Bremanger II og Dalsfjordbrua. Løyvinga dekker ikkje alle kostnadene. Finansieringa gjennom rentekompensasjon er og i røynda berre ei utsetjing og på eit vis ein forsiktering til oss sjølv. Det er difor grunn til uro når det gjeld løyvingane til samferdsle etter 2014, og vi ser alt no konturane av krevjande prioriteringar i høve til anna aktivitet og mellom standard, trafikktryggleik og nyanlegg.

Næring og innovasjon

Vi har gått saman med Rogaland og Hordaland om etablering av eit regionelt forskingsfond. Strategien er lagt i fellesskap for dei nærmaste åra.



I løpet av åra på 2000-talet har fylkeskommunen investert 1,2 milliardar kroner på å modernisere og bygge nye og moderne vidaregåande skular. Her frå seremonien då samarbeidsprosjektet mellom Firda vidaregåande skule på Sandane og Trivselshagen vart opna i januar 2009. Frå venstre fylkeskommunen sin prosjektleiar Tore Rosenlund, ordførar Anders Ryssdal i Gloppen og fylkesordførar Nils R. Sandal. Foto: Henning Rivedal.



Arbeidsmarknaden og stoda der stod sentralt då det første av Næringsbarometra i 2009 vart presentert i Førde 27.01. Frå venstre: Dåverande stortingsrepresentant Reidar Sandal (Ap), fylkesrådmann Jan Øhlckers, konstituert fylkesdirektør Endre Høgalmen og direktør i Innovasjon Noreg Halvor Flatland. Foto: Henning Rivedal.

Fondet forvaltar årleg mellom 30 og 50 mill. kr. Typiske vestlandstema blir prioriterte.

Fylkeskommunane er no medeigar i Innovasjon Noreg - med 49,9%. Det er etablert avtaleverk som regulerer samarbeidet med Staten som eig 50,1%. Planane om eit regionalt innovasjonsselskap i samarbeid med SIVA er førebels lagt på is.

Fiskeri og havbruk

Vi har no delansvar for forvaltning av marine ressursar, som t.d. tildeling av akvakulturløyve for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, oppgåver innanfor havressurslova og tang- og tareforvaltinga. For å sikre nærliek til brukarane er det etablert eit eige fagmiljø i Florø.

Kultur

Ansvaret for allment friluftsliv ligg no til fylkeskommunen. Vi har og ei tydlegare rolle i høve til tilskottsordningar og styrerepresentasjon i region- /landsdels-

institusjonane og knutepunktinstitusjonane. På kulturområdet er det rom for å føre over mange fleire oppgåver.

Folkehelse

Vår leiarrolle i den regionale partnarskapen for folkehelse er no lovlista. Vi kjem svelka ut økonomisk etter at tilskottet til folkehelse er lagt inn i rammetilskottet. Såleis vert vi straffa for å ha hatt stor aktivitet, særleg gjennom tilskott til folkehelsekoordinatorane i kommunane.

Miljøvern

Vi har ansvaret for jakt- og haustbare artar. Dei andre artane ligg hjå fylkesmannen. Dette er ei meiningslaust byråkratisk deling. Vi har ansvar for klima og klimatilpassingar. Dette vert eit viktig område framover. Fylket vårt er blitt sjølvstendig vassregion, ei oppgåve som vil krevje monaleg innsats i åra som kjem.

Landbruk og mat

Dette området er og delt mellom fylkesmannen og oss på ein meiningslaus måte. Særleg er det uehdig at bygdeutviklingsmidlane ligg att hjå fylkesmannen. Også her har vi etablert godt samarbeid for å unngå byråkrati og dobbeltarbeid.

Føresetnader for gjennomføringa Økonomi

Det skulle følgje økonomi med oppgåvene. I hovudsak er denne føresetnaden oppfylt, men det er døme på særskilte konservative anslag i kostnadsvurderinga. Diverre ser det ikkje ut til å vere mogleg eller interesse for å etterprøve om denne føresetnaden er oppfylt.

Det har vore meininga at reforma og skulle gje eit nytt inntektsystem for fylkeskommunane. Så langt har innføringa vore utsett i både i 2009 og 2010. Det er venta at vi vil tape monaleg på eit nytt system.





Arbeidet med å førebu forvaltningsreforma gjekk føre seg i heile 2009. Leiar i Landsdelutvalet Alf-Daniel Moen heldt føredrag for Vestlandsrådet den 25.02. 2009 om forvaltningsreforma og kva rolle landssamanslutningane kan spele framover.
Foto: Henning Rivedal..

Kompetanse

Kompetansen har ikkje fylgt oppgåvene. Vi har ikkje overteke ein einaste tilsett frå sentral og/eller regional stat i samband med reforma. Det har vore naudsynt å bygge eigen kompetanse gjennom omplasseringar og nyrekruttering. Dette har gitt oss kostnader langt utover det staten har kompensert. Det er heller ikkje mogleg å sjå at reforma har ført til færre tilsette hjå dei som har gitt ifrå seg oppgåver.

Organisering

Gjennom sams vegadministrasjon har Statens Vegvesen, Region Vest det operative ansvaret for fylkesvegane. Dei har organisert fylket vårt (medrekna Gulen) som ei eining på driftssida og med mynde til å hente ressursar og kompetanse frå resten av vegregionen.

Som vegeigar har vi overordna ansvar for planar, budsjett og årlege drifts- og vedlikehaldsprogram. Avtaler med nye styrings- og rapporteringssystem er alt etablert.

Internt er organisasjonen tilpassa oppgåvene. Hausten 2009 vart regionalavdelinga delt i tre:

- Plan- og samfunnsavdelinga
- Næringsavdelinga
- Samferdsleavdelinga

Styring

Den politiske organiseringa i hovudutval er uendra.

Det er urovekkande at fleire departement og direktorat gjennom forventingsbrev legg detaljerte føringar på korleis fylkeskommunen skal løyse dei

nye oppgåvene. Vi skal sjølv sagt følgje vedtekne rikspolitiske retningsliner, men summen av alle forventningane som no kjem, samsvarar ikkje på noko vis med dei ressursane vi har til rådvelde. Reforma er og ei demokratireform, og breva vert fort eit åtak på fylkestinget sitt politiske handlingsrom.

Drifta av dei fylkeskommunale tenestene

Som vedlegg til årsmeldinga ligg målekarta for kvar sektor. Balansert målstyring er etterkvart innarbeidd i styringssystemet. Målekarta vert nytta både i planlegging og rapportering.

Vidaregåande opplæring

Inntekne elevar til fylkeskommunale vidaregåande skular i Sogn og Fjordane i 2009 var 4198. Dette er 171 fleire enn i 2008.

I 2009 vart det inngått 476 nye lærekontraktar. Dette er 120 færre enn i 2008. Ved utgangen av 2009 var det registrert 880 løpende lærekontraktar.

Frå hausten 2009 var alle nivå (Vg1, Vg2 og Vg3) omfatta av ordninga med gratis læremiddel. Berbar PC for elevar på Vg1 vart innført frå hausten 2009.

Tilbodet i 2009 samsvara i stor grad med sokjarane sine ønske. Sjølv med ein desentralisert skulestruktur syner oppfyllingsprosenten over år ei stabil og god utnytting av ressursane.

Også i 2009 var det fokus på arbeidet med dei store byggje- og investeringsprosjekta innan opplæringssektoren.

Regional utvikling

Større nærings- og utviklingstiltak i 2009 var mellom anna:

- Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Noreg 45 mill. kr. (+1 mill.)
- Omstillingssarbeid i kommunane 7,7 mill. kr. (+1,8 mill.)
- Kommunale næringsfond 12,4 mill. kr. (+3,9 mill.)
- Støtte til regionråda 2,2 mill. kr.(inga endring)
- Reiselivssatsing 6,15 mill. kr. (+0,25 mill.)
- Tettstadutvikling 5,1 mill. kr. (+1,4 mill.)
- Satsing gjennom fylkesplanprogramma 12,5 mill. kr. (inga endring)

Samferdsle

Fylkeskommunen har i 2009 gjenomført anbod på passasjerbåtrutene. Drifta av Ekspressbåtane til/frå Bergen og lokale passasjerbåtruter i fylket vart lagt ut på anbod i februar. Fjord1 Fylkes-

baatane vann anboden og skal vere operatør på 16 båtruter i perioden 01.10.09 - 30.04.12 med opsjon på 1 år.

Kultur

- Tusenårsstaden Gulatingset er med i eit tre-årig EU-prosjekt (nordleg periferi) om historiske tingstader. Fylkeskommunen leiar prosjektet som har fått namnet THING.
- Det vart inngått samarbeid med Vestnorsk filmsenter med tanke på stimulering av filminteresse og miljø i fylket.
- Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad vart etablert som eit nasjonalt senter for forsking og formidling av kvernsteinshistoria i Noreg.
- Kulturdepartementet ga tilsegn og investeringstilskot til nybygg for Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde, og Kulturdepartementet har også gitt garanti for husleige for Norsk Reiselivsmuseum sitt nybygg i Balestrand.
- Fylkesbiblioteket har teke i bruk Facebook og Twitter som informasjons- og kommunikasjonsverktøy i litteraturformidlinga.
- Fylkesarkivet har inngått intensjonsavtale med Kommunearkivinstitusjonane sitt digitale ressurscenter (KDRS) om å gå inn som medeigar for å få tilgang til kompetanseutvikling, og som ein viktig reiskap i arbeidet med elektroniske arkiv på kommunenivå.

Tannhelse

Årsrapporten syner god måloppnåing og svært gode tilbakemeldingar frå brukarane.

Økonomi

Trass i store endringar i nasjonale og internasjonale rammeføresetnader, kan fylkeskommunen også i år legge fram

eit positivt driftsresultat. Dette har dels samanheng med at staten har nytta fylkeskommunane som ein aktiv medspelar i motkonjunkturpolitikken sin, men også med at fylkeskommunen har evna å sikre disposisjonane sine på ein god måte. Dei lokale inntektene gjev oss i tillegg eit ekstra "gir" i høve mange andre fylkeskommunar. Vi forvaltar årleg store tillegsverdiar gjennom utbytte frå selskapa våre Fjord1 og SFE og sal av konsernskraft. Midlane vert i stor grad nytta i den løpende drifta. Det har også i år vore høg aktivitet på investeringssida.

Miljø

I 2009 vart det starta ei systematisk oppfølging av tiltaka i fylkesdelplan for klima og miljø. Fylkeshuset vart miljøsertifisert i 2009, og arbeidet held fram med å sertifisere resten av verksamheden.

Likestilling, mangfold og integrering

Vi legg til rette for mangfold i fylket. Det gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør. Det går att i planarbeidet vårt, tilskotsordningane våre og tenesteytinga vår.

..ooOoo..

Eg vil takke alle tilsette og samarbeidspartnerar for godt utført arbeid og godt samarbeid til fylket sitt beste i 2009. Eg takkar og fylkespolitikarane for god og konstruktiv dialog.

Årdal/Leikanger

23.04.10

Jan Øhlckers
Fylkesrådmann



Rekneskapen

Reknesapsprinsipp

Tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem fylkeskommunen si verksemeld går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Alle inntekter og utgifter vert ført brutto. Det er ikke oppretta kommunale føretak slik at samla verksemeld går fram av årsrekneskapen. Fylkeskommunen deltek heller ikke i interkommunale samarbeid og liknande som må medreknaast for å få oversikt over kostnaden med den fylkeskommunale drifta.

Reknesapsresultat

Fylkeskommunen sin rekneskap er gjort opp med eit overskot på 40,0 mill kr. I tillegg er det avsett 118 mill kr til fond i samsvar med regelverket. Som indikator på ein sunn økonomi over tid, legg KRD opp til at kommunesektoren, over tid, bør ha eit netto driftsresultat på minst 3 % målt i høve driftsinnntektene. For 2009 viser denne indikatoren 2,6% for vår fylkeskommune.

Fellesinntekter og -utgifter


Fylkesskatt og inntektsutjamning utgjer 459 mill kr. Det er ei meirinntekt på 6,9 mill kr i høve til revidert budsjett. Dei lokale inntektene (aksjeutbyte og konsesjonskraft) utgjer 119,5 mill kr som er 9,9 mill kr meir enn budsjettet. Netto rentekostnad utgjer 13,4 mill kr som er 5,7 mill kr mindre enn budsjett.

Lånegjelda til fylkeskommunen auka med 94,8 mill kr til 1 043,3 mill kr i 2009. Fylkeskommunen har no ei lånegjeld på nær 10.000 kr pr innbyggjar, medan landssnittet ligg på nær 6.000 kr. Gjeldsbelastninga i 2009 har gått høvesvis meir opp i Sogn og Fjordane enn for dei andre vestlandsfylka og landet sett under eitt.

Hovudtala for fellesinntektene og -utgiftene er (mill kr):


	Rekneskap	Budsjett	Differanse
Fylkesskatt/Utjamning	459	452,1	6,9
Tiltakspakke	17,8	17,8	0
Mva-refusjon inv nytta i drift	14,5	14,5	0
Rammetilskot	860,3	860	0,3
Lokale inntekter	119,5	109,6	9,9
Renteinntekter/-utgifter	-13,4	-18,9	5,5
Låneavdrag	-55,9	-56,1	0,2
Pensjonsutgifter	1,1	-2,2	3,3
Forvaltning	-124,7	-125,7	1
Opplæring	-674,5	-682,7	8,2
Tannhelse	-63,1	-63,1	0
Regional utvikling	-128,1	-128,1	0
Herav statsmidlar	91,3	91,3	0
Kultur	-49,8	-49,8	0
Samferdsle	-426,5	-431,2	4,7

Lånegjeld pr innb



*) Korrigert netto driftsresultat, jf note 26 i rekneskapen.

korrigert netto driftsres i % av dr innt





Denne modellen viser korleis det skal sjå ut når utbygginga på Fosshaugane Campus er fullført. I framgrunnen fylkeskommunen sin del med Sogndal vidaregåande skule. Foto: Jostein Heggestad.

Sektorrekneskap

På sektor nivå viser rekneskapen ei innsparing på 13,9 mill kr som i hovudsak kjem fram på følgjande sektorer:

Opplæring

Det vart utgiftsført 674,5 mill kr i sektoren som er 8,2 mill kr mindre enn budsjettet. Dei vesentlege innsparingane kjem på anslagspostar som omstillingstiltak (1,6 mill kr), kjøp av elevplassar i andre fylke (2,3 mill kr), tilskot til lærlingar (2,3 mill kr) og vaksenoppplæring (1,6 mill kr).

Samferdsle

Forbruket i samferdslesektoren vart 4,7 mill kr mindre enn budsjettet, på 431,2 mill kr. Innsparingane innan samferdsle er mindreforbruk på vedlikehold av fylkesvegar (1,5 mill kr) trafikktryggingsstiltak (0,6 mill kr) og lokale ruter (2,6 mill kr). Når det gjeld fylkesvegane må dette sjåast i samanheng med overforbruket i 2008 (2,8 mill kr). Avviket på lokale ruter kjem også av ei korrigering mot 2008 og forseinka oppstart på nokre vedtekne tiltak.

Investeringsrekneskapen

Fylkeskommunen investerte i 2009 for 269,7 mill kr, fordelt med 5,8 mill kr til forvaltning, 176,4 mill kr til opplæring, 1,5 mill kr til tannhelse, 63,6 mill kr til fylkesvegar, 0,2 mill kr til kultur og utlån og aksjekjøp 22,3 mill kr. Dei samla investeringane var finansiert med 45,6 mill kr frå driftsrekneskapen, 16,5 mill kr frå fonds-midlar, 198,5 mill kr frå lånemidlar, 8,3 mill kr frå inntekt ved sal av driftsmidlar og 1 mill kr frå mottak av avdrag på utlån.



Dei vidaregåande skuleprosjekta til fylkeskommunen er ei spanande og vellukka blanding av skuleutbygging og regional utvikling. Her står rektor Ove Bjørlo ved varmepumpeanlegget på Eid vidaregåande skule som er eit godt døme på denne blandinga. Foto: Henning Rivedal.



Arbeidsgjeverområdet

Arbeidsgjeverområdet dekkjer strategiske tiltak som gjeld rekruttering, personalutvikling, organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø. Personalforvaltninga vert utøvd gjennom delegert mynde på einingsnivå. Rammene for utøving av arbeidsgjeverpolitikken er mangesidige gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk, og behovet for støtte i personalforvaltninga er aukande.

Støtteoppgåver til linja er difor eit viktig oppgåvæfelt for fylkesrådmannen sin stabsfunksjon ved gjennomføring av forsvarleg personalforvaltning.

Tilsvarande er opplæringstiltak knyte til utøving av delegert mynde ein viktig del av dei strategiske tiltaka frå fylkesrådmannen.

Viktige saker i 2009 har vore:

- Arbeid med revidering av handlingsplan for likestilling med større breidde i innsatsområda som mangfold, likeverd og likestilling. Planen vart lagd fram for fylkestinget i juni 2009
- Plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale som vart vedteken av fylkestinget i desember 2009.
- Prosjekt i samarbeid med NAV for å prøve ut tiltak for redusert sjukfråvær vart avslutta i 2009. Prosjektet har sett fokus på individuell meistring - frå kollektive til individuelle tiltak, og vil vere eit godt grunnlag for å utvikle tiltak i oppfølginga av langtidssjukmeldje.
- Arbeidsgjeverpolitiske utfordringar ved iverksetjing av Forvaltningsreforma
- Ny organisering av sentraladministrasjonen som følgje av Forvaltningsreforma

- Arbeid med strategisk handlingsplan for Den offentlege tannhelsestenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune, med politisk handsaming i 2010.
- Vidareutvikling og tilpassing av kompetanseregistreringssystem som følgje av tariffrevisjonen i mai 2008.
- Tilrettelegging og arbeid med grunnlagsmateriale for utlysing av anbod ved nytt personal- og lønsystem
- Elles har det i 2009 vorte gjennomført interne opplæringstiltak med vekt på dei "vanskelege personalsakene" og kurs innanfor arbeidspsykologien med tema omkring

organisasjonspsykologi og personalpsykologi. Denne opplæringsaktiviteten har hatt som formål å førebygge konfliktar på arbeidsplassen med tidleg og korrekt aktivitet frå leiar. Vidare har det vore sett i verk systematisk opplæringstiltak i rekruttering av medarbeidar for å kvalitetssikre rekrutteringsprosessen. Det er lagt særleg vekt på intervjueteknikk, referanseinhenting og saksførebuing av tilsettjingsvedtak.

- Lønsforhandlingar for arbeidstakargruppene som følgjer hovudtariffavtalen sine reglar om lokal lønsdanning.

Oversyn over fordelinga av arbeidsstyrken mellom kvinner og menn

Heil- og deltidstilsette i fylkeskommunen fordelt på kjønn

Tilsette i fylkeskommunen	Kv.	%	M.	%	Totalt	%
Heiltid	424	30	480	34	904	64
Deltid	355	25	164	11	519	36
Totalt	779	55	644	45	1423	100

55% av dei tilsette i fylkeskommunen er kvinner og 45% er menn. 64% av dei tilsette har heiltidsstillingar og 36% arbeider deltid. Rekna etter samla tilsette utgjer kvinner i deltidsstillingar 25% og menn 11%.

Tal tilsette omrekna til årsverk

Fordelt på same stillingsgrupper som er nytta i lønsstatistikk. Kvinner og menn

Stillingsgrupper	Årsverk		Årsverk		Årsverk	
	Kv.	%	M.	%	Totalt	%
Kontorstøtte	74	6	7	1	81	7
Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar	184	15	54	4	228	19
Sakshandsamarstillingar	40	3	54	5	94	8
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	16	2	10	1	26	2
Klinikksjef- og tannlegestillingar	14	1	16	1	30	3
Pedagogiske stillinger	296	23	375	30	671	53
Leiarstillingar	38	3	66	5	104	8
Alle stillingsgrupper	662	53	582	47	1244	100

* Inklusive driftsteama i Førde/Sogndal/Årdal/Fylkeshuset med drifts- og vedlikehald av bygningsmassen (18 årsverk)



Høvetalet mellom årsverk og talet på tilsette viser at dei tilsette i fylkeskommunen i snitt har ein stillingsstorleik på 87%. Ved å følgje denne indikatoren kan vi enkelt til kvar tid ha oversyn over positive eller negative utviklingstrekk i talet på deltidsstillingar. I 2008 var stillingsstorleiken i snitt på 86%. Sjå elles eigen omtale av deltidsstillingar.

Sektorvis oversyn over arbeidsstyrken fordelt på kvinner/menn

Tal tilsette fordelt på sektor. Heiltidstilsette/deltidstilsette. Kvinner og menn

Sektor	Heiltidstilsette				Deltidstilsette			
	Kv.	I%	M.	%	Kv.	%	M.	%
Kultursektoren	12	0,8	7	0,5	3	0,2	5	0,4
Opplæringssektoren	302	21,0	394	27,7	270	19,0	126	8,8
Tannhelsesektoren	54	3,9	18	1,3	60	4,2	3	0,2
Sentraladministrasjonen*	59	4,1	75	5,3	29	2,0	7	0,5

* Inklusive driftsteama i Førde/Sogndal/Årdal/Fylkeshuset med drifts- og vedlikehald av bygningsmassen (18 årsverk)

I opplæringssektoren er det to hovudgrunnar til at talet på deltidsstillingar er høgt:

- Mesteparten av reinhaldsstillingane er knytte til denne sektoren, og innafor denne gruppa er det mange deltidstilsette.
- Kravet til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at opplæringsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar for å få timeplanen til å gå i hop innafor tildelte økonomiske rammer.

Innafor tannhelsesektoren er det mange tannhelsesekretærar som har deltidsstilling.

Deltidsstillingar

Fylkeskommunen har etter lønsdata eit høgt tal tilsette i deltidsstillingar, med 36% deltidstilsette. Difor er grunnane kartlagt noko nærrare. Av 519 deltidsstillingar er 41% av desse organisert av arbeidsgjevar. 59% av deltidsstillingane har si årsak i at det er gjort tilpassingar gjennom ynskje frå medarbeidar og elles som ein følgje av rettar til deltid gjennom lovverk og tariffavtalar.

For å kunne vite noko om omfanget av medarbeidaranar som ynskte større stillingsstorleik, vart det gjennom spørjeskjema bedt om tilbakemelding om ynskje om utvida stillingstorleik. Medarbeidaranar som hadde deltidsstilling fastsett av arbeidsgjevar og tilpassa stilling etter eige ynskje vart spurde. Svarprosenten var i overkant av 50%.

Ynskje om utvida

eller heil stilling	Menn	%	Kvinner	%	Totalt
	25	25,5	73	74,5	98



Elisabeth Veivåg Helseth vart i 2009 tilsett som den første klimakoordinator i fylkeskommunen. Foto: Henning Rivedal.

Kartlegginga viser at det av 519 deltidstilsette er det 98 som ynskjer større stillingsstorleik, dvs om lag 19% av dei deltidstilsette. Av samla tal tilsette (1423) er det 7% av dei tilsette som har ynskje om større stillingsstorleik.


Skeivfordelinga i fylkeskommunen mellom kvinner og menn i omfanget av deltidsstillingar er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Ei fleksibel haldning frå arbeidsgjevar til medarbeidarane sine ynskje om redusert stillingsstorleik fører med seg fleire deltidsstillingar, og fleire deltidstilsette kvinner. Ut frå kartlegginga ser det ut til at dei deltidstilsette i mindre grad opplever at stillingsprosenten deira er eit resultat av arbeidsgjevar/tenestestaden si tilpassing til rammevilkår og arbeidsgjevar (stillingsbehov i forhold til arbeidsoppgåvene), enn det institusjonsleiarane gjer. Omfanget av deltidsstillingar er etter måten stor innafor gruppa av pedagogisk tilsette. Tiltak for denne gruppa er gjennom medarbeidarsamtalen å avtale vidareutdanning som kan gje den deltidstilsette breiare undervisningskompetanse.

Leiarstillingar i fylkeskommunen

Ved utgangen av 2009 er leiarstillingane mellom kvinner og menn samansette slik:

Leiarstillingar i fylkeskommunen 2009. Fordeling kvinner og menn

Sektor	Leiarstilling			
	M.	Kv.	% M.	% Kv.
Sentraladministrasjonen	13	9	59 %	41 %
Tannhelse	3	2	60 %	40 %
Kultur	2			100%
Opplæring (skulane og ppt)	48	27	64 %	36 %
Total alle sektorane	66	38	63%	37 %



Utviklingstrekk i leiarstillingane i fylkeskommune i perioden 2004 - 2009

Prosentvis fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.
Perioden 2003 - 2008.

2004	2005	2006	2007	2008	2009
M.	Kv.	M.	Kv.	M.	Kv.
70%	30%	68%	32%	66%	34 %
61%	39%	64%	36%	63%	37 %

I høve vår målsetjing om 40% kvinner i leiarstillingane, er prosentdelen kvinner i leiarstillingar ikkje kome opp att på same nivå som i 2007 med 39%.

Lønsstatistikk kvinner/menn

Kvinner si løn i % av menn rekna etter årsverk. Perioden 2004 til 2009

Stillingsgruppe	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Kontorstøttestillingar	100,4	103,1	103,8	107	100,3	100,1
Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar	97,0	97,3	98,2	99,0	101,6	101,1
Sakhandsamarstillingar	93,4	94,6	93,7	94,4	93,3	95,4
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	100,0	96,7	97,4	101,0	100,5	103,5
Tannlegestillingar	96,3	99,3	92,8	92,0	94,5	95,2
Pedagogiske stillingar	97,0	97,8	97,7	97,4	98,3	98,8
Leiarstillingar	95,1	99,1	97,8	97,7	97,9	98,0
Alle årsverk	87,2	88,3	89,4	90,2	90,0	90,1

Tabellen syner at fylkeskommunen har tradisjonelle lønnskilnader som er gjeldande i samfunnet elles.

Pedagogiske stillingar har ein kjønnsnøytral lønnsstruktur, og forskjellane som vi ser her har samanheng med alder og ansiennitet. Det vert rekruttert fleire kvinner enn menn inn i lærarstillingane, og ved nyrekruttering vil løna vere avhengig av praksis som gir lønsansiennitet. I 2004 var det kvinner i 39% av årsverka for pedagogisk personale, og kvinner sin del av årsverka i denne stillingsgruppa er i 2009 auka til 44%.

Det er positive utviklingstrekk i reduserte lønnskilnader mellom kvinner og menn i sakhandsamarstillingar, pedagogisk personale og tannlegestillingane.

Samla er snittet for kvinner på 90,1% av løna til menn. Dette er i samsvar med snittet for heile kommunesektoren etter data frå KS. Hovudgrunnen til dette er stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte, driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar. Det er i desse gruppene 320 årsverk som i snitt har ei årsløn på om lag kr 335.000. I 80% av desse årsverka er det kvinner. Dette er hovudårsaka til at kvinner i snitt har ei årsløn som er 90,1 % av det menn tener i fylkeskommunen.

Lokale lønsforhandlingar

Fordeling av lønstillegga mellom kvinner og menn samanlikna med lønsdanninga

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap.4. Ikkje lokale lønsforhandlingar i 2009				
Kap.5. All lønsdanning lokalt	41,9 %	58,1%	43,0 %	57,0 %
Kap.3.4. All lønsdanning lokalt	32,5 %	67,5 %	33,0 %	67,0 %

Dei sentrale lønsforhandlingane gav eit resultat på 4,8% for kommunesektoren i 2009.

60 mellomleiarar ved skulane går inn i forhandlingsinstituttet i kap.4 som ikkje hadde lokal lønsforhandling i 2009.

Einingsleiarane og leiarane i sentraladministrasjonen utgjer kap. 3.4 - gruppa.

Kap. 5 (sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar) og kap. 3.4 (leiarar) syner bra balanse mellom det som vert tilført i lønspotten, og uttaket av lønstillegga mellom kvinner og menn.

Personalpolitiske tiltak

Hospitering - tildelte midlar

Hospitering 2007	Hospitering 2008	Hospitering 2009
18 Kv. kr 266.000	19 Kv. kr 228.000	19 Kv. kr 276.000
3 M. kr 27.000	6 M. kr 121.000	4 M. kr 81000
Til. tot. kr 293.000	Tild. tot. kr 349.000	Tild. tot. kr 357.000

Kvinner er meir aktive til å bruke hospiteringsmidlane til fagleg påfyll, medan menn som søker om hospiteringstiltak har opplegg som vanlegvis har større kostnad i hospiteringsperioden.

Leiarutviklingstiltak for kvinner - stipend/studieavgift

Tildelte midlar	2007	2008	2009
Sum	71.000	87.000	37.000

Alle som søker i 2009 fekk midlar. Det skal gjevest permisjon med løn ved deltidsstudium som har førelesinger på arbeidsdagar. Ved heiltidsstudium kan det gjevest delvis permisjon med løn.

Seniorpolitiske tiltak

Brukte midlar i 2007 Brukte midlar i 2008 Brukte midlar i 2009

17 Kv. kr 366.000	20 Kv. kr 396.000	30 Kv. kr 452.000
19 M. kr 464.000	19 M. kr 504.000	25 M. kr 448.000
Til. tot. kr 830.000	Tild. tot. kr 900.000	Tild. tot. kr 900.000

Seniorpolitiske tiltak dekkjer motiveringstilskot som vert utbetalte årleg frå fylte 63 og fram til fylte 65 år. I tillegg vert det gitt tilretteleggingstilskot som skal brukast til lette i arbeidsituasjonen slik som kortare arbeidstid, uttak av fridagar m.m. Tiltaket vert dekkja av sentral løyving.

Frå fylte 65 år har einingane høve til å vidareføre ordninga eller å avtale særskilde ordningar med den tilsette innafor ramma av eininga sitt budsjett.



Permisjonsuttak

Fylkeskommunen har ikkje i sitt løns- og personalsystem etablert gode nok rutinar til å gje ein forsvarleg kjønnsstatistikk over permisjonsuttak. Nødvendige tiltak og rutinar vil verte gjennomført i eit nytt løns- og personalsystem som skal takast i bruk i 2010/2011.

Arbeidsmiljøarbeidet

Tiltaka i arbeidsmiljøarbeidet er i tråd med intensjonane som IA-verksemdu. Hovudmålsetjinga er å stabilisere sjukefråværet på eit nivå på om lag 5%. Vi tilbyr støtte og hjelp i førebyggning og oppfølging av sjukmelde. Einingane får kvartalsvisse rapportar om sjukefråværet, som gjennom det lokale arbeidsmiljøutvalet skal ha oppfølging på individnivå. Gjennom sentrale midlar kan einingane søkje om bistand til tiltak omkring ergonomi, belastningslidingar og hjelp til betring av det psykososiale arbeidsmiljøet. I tillegg til bistand frå fylkesrådmannen si personaleining vert slike tenester kjøpt eksternt. Vi har eiga opplæring i arbeidsmiljøkunnskap gjennom årlege 40-timarskurs retta mot verneombod, medlemer i arbeidsmiljøutvala og leiarar.

I arbeidsmiljøarbeidet har det vore ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta oppfølging. Prosjektet individuell meistring - frå kollektive til individuelle tiltak, er eit av tiltaka som er gjorde for å skaffe fram kunnskap om betre verkemidlar i oppfølgingsarbeidet.

Registrert gjennomsnittleg fråvær i perioden 2003 - 2008

Sjukefråvær	2004	2005	2006	2007	2008	2009
4,70 %	4,60 %	4,80%	4,30 %	5,50 %	5,00 %	

Alderssamsetjinga i fylkeskommunen

Alderskategori	Tilsette	Tilsette i %	Snittalder	Årsverk
20-29	70	5	25	58
30-39	245	17	35	214
40-49	349	25	45	310
50-59	470	33	55	435
60-	289	20	63	227
Total	1423	100	47	1244

Snittalderen i fylkeskommunen er 45 år. 52% av dei tilsette er 50 år eller meir. At tilsette står lenger i arbeid etter fylte 62 år er positive utviklingstrekk, samstundes som helserelaterte utfordringar aukar med alder. Det kan vere ein årsakssamanhang mellom auka alder og auka sjukefråvær.



Karoline Bjerkeset og Bente Sønsthagen er dei første traineeane i fylkeskommunal teneste. Foto: Henning Rivedal.



Fylkeskommunale juristar spela ei viktig rolle då Juristdagen vart skipa til hausten 2009. Uventa kom dåverande kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa på vitjing. Ho blir flankert av sekretariatsleiar Knut Henning Grepstad og rådgjevar Merete Myklebust med innkjøpssjef Siri Heggenes fremst. Foto: Henning Rivedal.





Opplæring

1. Måloppnåing/resultatvurdering

Inntekne elevar til fylkeskommunale vidaregåande skular i Sogn og Fjordane i 2009 var 4198. Dette er 171 fleire enn i 2008.

Vedteke ambisjonsnivå om at karakternivået i Sogn og Fjordane skal vere over landsgjennomsnittet er oppnådd for skuleåret 2008/2009. Elevar som kjem frå grunnskulen i Sogn og Fjordane har tradisjonelt hatt høgare inntakspoeng enn landssnittet. Det ser ut til at Sogn og Fjordane er i ferd med å nærme seg landsgjennomsnittet. Det vert difor ei utfordring dei komande åra å oppretthalde ambisjonsnivået for elevar som avsluttar vidaregåande opplæring.

Samla fråfall i skule i Sogn og Fjordane skuleåret 2008-2009 var på 3,5 %, ein auke på 0,2% i høve skuleåret før. Landsgjennomsnittet var på 4,5 %, same som skuleåret 2007-2008.

I 2009 vart det inngått 476 nye lærekontraktar. Dette er 120 færre enn i 2008. Ved utgangen av 2009 var det registrert 880 løpende lærekontraktar.

Det vart i 2009 sett i gang 16 ulike kurs for vaksne, med til saman 285 deltagarar. 141 av deltagarane hadde rett til vidaregåande opplæring, medan 144 var utan rett/retten ikkje avklara.

Kvalitet i vidaregåande opplæring

Vedtekne mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2008-2011, "Rom for alle - syn for den enkelte", med tilhøyrande handlingsprogram, låg til grunn for prioriteringane som vart gjort i opplæringssektoren i 2009. Som ein del av kvalitetssystemet vart rullering av handlingsprogrammet handsama av hovudutval for opplæring i mai 2009.

Frå hausten 2009 var alle nivå (Vg1, Vg2 og Vg3) omfatta av ordninga med gratis læremiddel.

Berbar PC for elevar på Vg1 vart innført frå hausten 2009. Dette er ein del av den digitale satsinga innan vidaregåande opplæring. I samband med innføring av ordninga har det vore sterkt fokus på kompetanseutvikling for pedagogisk personale, tryggleik ved eksamen og etablering av naudsynt infrastruktur.

Som ein del av prosjektet "Karriere

Sogn og Fjordane" vart det for skuleåret 2009/10 tilsett regionkoordinatorar m.a. med delansvar for prosjektet i regionane og ansvar for å organisere faget Utdanningsval.

Gjennom "Plan for etter- og vidareutdanning 2009" vart det sett i gang etter-/vidareutdanning for pedagogisk personale. I november 2009 vedtok fylkestinget Plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale - inkludert skuleleiarar, 2009-2012.



Då Firda vidaregåande skule og Trivelshagen på Sandane opna i januar 2009, fann mellom andre fylkespolitkar og medlem av hovudutval for opplæring Arne Hovland stor hugnad i denne lytte- og lesestolen i bibliotekdelen. Foto: Henning Rivedal.



Denne ungdomsbedrifta med namnet Smak av havet frå Måløy vidaregåande skule, vann fylkesmessa for UB i 2009. Dei representerte fylket vårt i NM for UB der dei vann pris for beste utstilling. Frå venstre: Siri Haugland, Yngrid Grotle, Ayla Lindhagen og Håvard Sætren. Foto: Bente Vonheim.

Kvalitetsutvikling i den pedagogisk-psykologiske tenesta var i fokus ved at hovudutval for opplæring vedtok Utviklingsplan for PP-tenesta i vidaregående opplæring, 2010-2012. Arbeidet med kompetanseheving i yrkesopplæringa gjennom vg3-nettverka som vart oppretta i 2008, heldt fram i 2009.

Dei vidaregåande skulane som utviklingsaktørar

I 2009 vart 2,400 mill kr av dei regionale utviklingsmidlane øyremerka stimulering av utviklingstiltak ved dei vidaregåande skulane. Kriterium for tildeling av midlar var at tiltaket skulle forankrast i fylkeskommunale styringsdokument og skulen sin utviklingsplan. Tiltaka skal stimulere til auka samarbeid med lokalt - og regionalt arbeidsliv, for utvikling av både vidaregående opplæring og lokalsamfunnet.

Byggje- og investeringsprosjekt

Også i 2009 var det fokus på arbeidet med dei store byggje- og investerings-

prosjekta innan opplæringssektoren. Av større prosjekt kan nemnast:

- Firda vidaregåande skule: ombygging og rehabilitering av eksisterande bygg. Undervisningsareala for helse- og sosialfaga vart tekne i bruk i september 2009. Ventilasjonsanlegget i gamleskulen vart ferdigstilt i november 2009.
- Eid vidaregåande skule/samarbeidsprosjekt med Eid kommune: bygging av samlokalisert skule- og kulturbyggn vart ferdigstilt i mars 2009.
- Sogndal vidaregåande skule: arbeid med samlokalisert skule, 1. byggesteg, starta hausten 2008 og var i full gang i 2009.
- Dale vidaregåande skule: nybygg teke i bruk ved skulestart 2009.
- Flora vidaregåande skule: ombygging/rehabilitering av skulebygget kom i gang i mai 2009.

2. Effektiviseringstiltak i 2009

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2009-10 ein oppfyllingsgrad

på om lag 94%. På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyllingsgraden om lag 93% medan dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfylling i primærgrupper på om lag 94%. Oppfyllingsgraden pr nivå er : Vg1 97%, Vg2 91% og Vg3 94%.

Tilbodet i 2009 samsvara i stor grad med sokjarane sine ønske. Sjølv med ein desentralisert skulstruktur syner oppfyllingsprosenten over år ei stabil og god utnytting av ressursane.

Fleire av dei store bygge- og investeringsprosjekta har som mål å samlokalisere aktiviteten ved den einskilde skule. Dette gir meir tenleg og effektiv drift, både fagleg og økonomisk.

3. Folkehelse, livsutfaldning, universell utforming og miljø

Folkehelse

I 2009 var psykisk helse tema på samling for folkehelsegruppene og på rådgjeversamling, der også miljøkoordinatorane tok del.



Elevar frå Ronneby i Danmark vitja Høyanger videregåande skule og fekk mellom anna vere med på Nigardsbreen. Dette er ein del av eit prosjekt Høyanger videregåande skule har med svenske og danske skular om klimaendringar. Foto: Iris Kopperud.

Skulane har gradvis lagt om til eit sunnare mattilbod i kantinene. I 2009 var sunt kosthald tema på samling for kantinetilsette.

Det er utfordrande å få til auka fysisk aktivitet i skulekvardagen. Skulane har ulike aktivitets- og idrettsdagar gjennom året, og tilbod om bruk av idretts-hall, trim- og styrkerom på fritida. Skulane gjennomfører ulike førebyggingsstiltak når det gjeld rus og tobakk, t.d. opplegg og temadagar i samarbeid med andre etatar, og ulike tiltak innarbeidd i skulereglementa. Dei fleste skulane praktiserer røykfritt skule-område.

Skulane har ulike tiltak for trafikktrygging, med særskilt fokus på russebussen. I 2009 hadde kring 190 lærlingar temaet trafikktryggleik på regionvise lærling-samlingar.

Fysisk miljø og inneklima

I 2009 vart det gjennomført større inneklimaprosjekt ved Måløy, Firda, Høyanger og Stryn videregåande skular. Samla kostnad: 5,75 mill kr.

4. Spesielle fylkestingssaker

Fylkestinget handsama:

- Tiltakspakke for kommunesektoren - sak 5/09

- Forvaltningsreforma - handlingsrom, ambisjonar og ressursbehov - sak 20/09
- Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold for planperioden 2009-2012 - sak 22/09
- Nasjonal Digital Læringsarena - NDLA - opprettiging av eit interkommunalt samarbeid (IS) - sak 39/09
- Forvaltningsrevisjon 2009 - Hordalandssavtalen - sak 57/09
- Plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale - inkludert skuleleiarar - sak 62/09
- Reglar for servering av alkohol i fylkeskommunale bygg, leigebygg, leigearreal og utleigebygg og ved fylkeskommunale arrangement - sak 64/09
- Investeringsplan 2010-2013 - sak 74/09



Hausten 2009 vart Eid videregående skule og Operahuset Nordfjord opna med stor festivitas. Frå venstre: Rektor Ove Bjørlo, fylkesordførar Nils R. Sandal, ordførar Sonja Edvardsen i Eid og Geir Holmen som leiar drifta av den kommunale delen av anlegget. Foto: Knut Henning Grepstad.



Foto: Anne Karin Misje.

Kultur

1. Måloppnåing / resultatvurdering

THING

Tusenårsstaden Gulatinget er med i eit tre-årig EU-prosjekt (nordleg periferi) om historiske tingstader. Fylkeskommunen leiar prosjektet som har fått namnet THING. Prosjektet som vart godkjent i 2009, er eit nettverksprosjekt som skal bidra til å vidareutvikle kompetansen og fokuset på tingstadane som viktige for utviklinga av samfunnet og som viktige turist/reisemål i sine regionar.

Film

Det vart inngått samarbeid med Vestnorsk filmsenter med tanke på stimulering av filminteresse og miljø i fylket. Gjennom samarbeidet er det gjennomført samling for filmskaparar, gitt råd og økonomisk støtte til manus-/prosjektutvikling, henta inn økonomisk støtte til kompetansehevingstiltak og nettverksarbeid, m.m.

Arena for aktivitet og formidling

Opera Nordfjord og Trivselshagen vart opna med stor nasjonal merksemd. Dette er arenatilrettelegging som gir stort løft til kulturlivet i fylket. Bergkunstlokaliteten i Ausevika i Flora vart opna med ny tilrettelegging for publikum.

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad vart etablert som eit nasjonalt senter for forsking og formidling av kvernsteinshistoria i Noreg. Kulturdepartementet ga tilslagn om investeringstilskot til nybygg for Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde. Kulturdepartementet ga også garanti for husleige for Norsk Reiselivsmuseum sitt nybygg i Balestrand.

Planarbeid

Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse vart handsama i Fylkestinget i oktober 2009. Det er også arbeidd med utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken og starta opp eit strategisk planarbeid for bibliotekutviklinga i fylket.

Utviklingsarbeid

I 2009 vart det gitt tilskot til kulturell verksemad i fylket på til saman 10,5 mill.kroner.

Lag og organisasjoner, fleire kulturutviklingstiltak, festivalar/større arrangement og andre kulturtiltak fekk økonomisk støtte til sitt arbeid. Fleire kunstformidlingstilak fekk støtte, m.a. samtidskunstfestivalen SlettemarkART, Vevringutstillinga og fotoprosjektet JØLSTER 2008. I tillegg vart det gitt støtte til utvikling av Economuseum knytt til Aurlandsskoen i Aurland, og til Jakob Sande-selskapet sitt arbeid med utvikling av klokkgarden i Dale. Sektoren forvalta også 34,5 mill kroner frå staten til kulturtiltak i fylket (tilskot til restaurering av freda bygg og anlegg, spelemidlar til idrettsanlegg, kulturbygg og Den kulturelle

skulesekken). Gjennom finansieringsavtaler med staten der fylkeskommunen (og kommunar) er inne som part, kom det om lag 43 mill kroner til kulturaktivitet i Sogn og Fjordane (museum, teater, opera og festivalar).

Spelemidlar

Kvaliteten på søknadar frå kommunane var dårlegare i 2009 enn i 2008, og 21% av søknadane vart ikkje godkjente.

Samla godkjent søknadssum var 86,5 mill. For 2009 vart det gjeve tilskot på 20,4 mill til ordinære idrettsanlegg, 0,9 mill til nærmiljøanlegg og 1,9 mill til lokale kulturbygg. Regjeringa si tiltakspakke for å motverke finanskrisa gav 3,9 mill fordelt på 5 idrettsanlegg.

Kulturformidling

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei prioritert satsing for å gi barn og unge del i ulike kultur- og kunstuttrykk for å bidra til deira eigenutvikling. Alle grunnskuleelevarane (ca 15.000) fekk tilbod. Vel 1200 elevar på dei vidaregåande skulane (9 skular) fekk eit tilbod i 2009. Tilboda omfattar i alt 41 turnear innan scenekunst, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk.



Ausevika Helleristingsfelt vart opna 27. juni. Frå venstre: Fylkesordførar Nils R. Sandal, ordførar Bente Frøyen Steindal og kultursjef Edvin Helgheim i Flora.
Foto: Eva Moberg.

I 2009 fekk alle barnehagane i fylket tilbod om deltaking i barnehagekonsernordninga.

Alle dei ca 70 barnehagane som meldte si interesse til å delta fekk, eit tilbod kvar.

Gjennom digitalt arkiv-, bibliotek- og museumssamarbeid (ABM) er det lagt grunnlag for nye heimesider for musea i Sogn og Fjordane. Arbeidet med digital formidling av kulturarven har hatt høgt fokus i 2009. Digitalt fortalt, som er publikumsversjonen av Kulturhistorisk leksikon, har hatt fokus på kursing og ført til at ein no har ca 200 artiklar knytt til fylket.

UKM

Fylkesmønstringa vart halde i Førde med 400 deltakarar frå 25 av 26 kommunar. Mønstringa var delt i 4 sceneframsyningar/ konserter og ei allsidig utstilling. Til landsmønstringa var det deltakarar frå 8 ulike kommunar fordelt på scene, utstilling og video.

Ungdomspolitisk utval/fylkestinget for ungdom

Ungdomspolitisk utval har hatt 5 møter i 2009 og prioritert arbeidet med Politisk og Organisatorisk måldokument, nett-

verksamling for ungdomsråda i fylket og kontakt med andre miljø. Fylkesting for ungdom vart avvikla i november med 37 deltakarar frå 17 kommunar.

Utvikling av kulturminneverdiane

Kulturminneåret 2009 hadde fokus på "Dagleglivets kulturminne". Opningsarrangementet i Innvik Ullvarefabrikk, vart spesielt vellukka med stort lokalt engasjement og rundt 400 deltakarar. Arrangementet vart ei synleggjering av korleis eldre bygg kan nyttast som samlingsstad den dag i dag. Kulturminneåret sitt mål var å styrke forståinga for kulturminna sin plass i samtida og bidra til å styrke vår identitet. Satsinga vart gjennomført i eit samarbeid med ei rad regionale og lokale aktørar, med vekt på å løyse ut lokale tiltak i kommunane gjennom lag og organisasjoner. Satsinga vert vurdert som vellukka.

På Lutelandet vart vestlege delen av øya registrert, og det vart slått fast 15 lokalitetar (buplassar og aktivitetsstader frå eldre og yngre steinalder). Registrering langs traseen for den planlagde høgspentlinja mellom Fardal og Ørskog ga 160 lokalitetar, av desse om lag ein tredjedel automatisk freda.

Fylkeskommunen gjennomførte ei kulturminneregistrering på klosterøya Selja i Selje, med vekt på arealet utanfor sjølve klosteret. Registreringa omfatta både automatisk freda og kulturminne frå nyare tid, og det blei registrert gravrøyser, hustufter, båtopptrekk, vorrar, steinbygde hus m.m. Selja var busett før klosteret blei etablert.

På Engebø i Naustdal er det påvist kulturminne som viser til gardsbusetnad frå eldre bronsealder og fram til slutten av eldre jarnalder (1800 år f.Kr. til ca 600 år e.Kr.).

I samarbeid med Luster kommune og Hafslo Sogelag er det sett igong eit større skjøtselsarbeid knytt til det førhistoriske gardsanlegget på Modvo. Målet er å få anlegget tilrettelagt for publikum.

Fylkeskulturprisen

I 2009 gjekk fylkeskulturprisen til Nedre Jølster Bilelag som representerer det ypperste av kvalitet når det gjeld antikvarisk restaurering av eldre bygg og ivaretaking av gamle handverkstradisjonar. Dei har stelt og sett i stand eit stort tal eldre bygningar. Gjennom aktivt kursarbeid vert denne kompetansen delt med andre, og kjem heile fylket til gode.



Nedre Jølster Bilelag vart tildelt fylkeskulturprisen 2009. Frå venstre: Bjarne Sunde, Erlend Slåtten, Tor Egil Gjelsvik, Martin Schei, Bjarte Risnes, Erik Solheim, Erlend Gjelsvik og Egil Helleland. Halvor Slåtten og Frode Voll var ikkje til stades då biletet vart teke. Foto/eigar: Nedre Jølster Bilelag.





Ungdomspolitisk utval 2008/2009 var i Stortinget og fekk møte statsråd Liv Signe Navarsete. Frå venstre: Tore Storevik, Florence Hamper, Fredrik Helland, Liv Signe Navarsete, Karoline Høyvik, Veronica Elde og Martine Holsæter. Pressefoto Stortinget.

Fylkessenter for musikkterapi

I løpet av året er følgjande tiltak sett i verk som del av Kultur og eldresatsingen (2008-2011):

- Førde seniorkor med 75 deltakarar
- Tilsettekor for Førde Helsetun (Undervisningssjukeheim)
- Kunst og utstykking på institusjon
- Produksjon av dokumentarfilmen "Liv".

I tillegg er det sett i gang eit forprosjekt med musikkterapi på 3 av dei 4 asylmottaka i fylket, der musikkterapi blir ein del av det psykososiale tilbodet på mottaka.

Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket har hatt fokus på rådgjeving, kompetansebygging og nettverksbygging for bibliotekutviklinga i fylket. Det er gjennomført 7 fagkurs/møter. Fylkesbiblioteket har

teke i bruk Facebook og Twitter som informasjons- og kommunikasjonsverktøy i litteraturformidlinga.

Fylkesarkivet

2009 markerte avslutninga på dei store avleveringane av eldre kommunale arkiv. Av 26 kommunar i fylket er 22 med i ordninga.

Fylkesarkivet har inngått intensjonsavtale med Kommunearkivinstitusjonane sitt digitale ressurssenter (KDRS) om å gå inn som medeigar for å få tilgang til kompetanseutvikling og som eit viktig reiskap i arbeidet med elektroniske arkiv på kommunenivå. Som førebuing til Flora kommune sitt 150-årsjubileum i 2010 er det gjort eit omfattande arbeid for å digitalisere fotosamlinga etter fotograf Horne i Florø. Fylkesarkivet har vore involvert i EU prosjektet Europeana Local (Stor felles kulturteneste på Internett), utvikling av nye tenester knytt til møtebøker på nett.

2. Effektiviseringstiltak 2009

Gjennom brukar- og medarbeidarundersøkinga var "Kvalitet og effektivitet i interne prosesser" tema. Desse kom ut med > 4 (på skala 1-6) som var innafor målekartet sine krav. Innan dette vart

det sett i verk konkrete tiltak for å avklare rolla mellom leiar og medarbeidarar av di dette var det tema som fekk lågast score.

Både innan vanlege tilskot og søknad knytt til spelemidlar vart det i 2009 utarbeida elektroniske løysingar for søkerader.

Desse systema vart tekne i bruk i 2010 og ein vil fyrst då sjå effekten av dei. For spelemidlar vart det gitt felles opplæring til kommunane i bruk av det nye systemet.

Det er etablert eit formelt samarbeid på tvers av avdelingane om handsaming av tilskot knytt til ulike ordningar.

3. Folkehelse/livsutfaldning/universell utforming og miljø

Prosjekta Coast Alive og kultur og eldreprosjekt har vore viktige arenaer for å integrere kultur og folkehelse.

4. Spesielle fylkestingssaker

Finansieringsavtale mellom fylkeskommunen og Eid kommune ang Opera Nordfjord Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse.





Foto: Stian Løvoll Tenden.

Regional utvikling

I 2009 hadde plan og næring eit samla budsjett på 128 mill. kr. Størstedelen av midlane går til nærings- og utviklingstiltak. Større løyvingar i 2009 var mellom anna:

- Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Noreg 45 mill. kr. (+1 mill.)
- Omstillingsarbeid i kommunane 7,7 mill. kr. (+1,8 mill.)
- Kommunale næringsfond 12,4 mill. kr. (+3,9 mill.)
- Støtte til regionråda 2,2 mill. kr. (inga endring)
- Reiselivssatsing 6,15 mill. kr. (+0,25 mill.)
- Tettstadutvikling 5,1 mill. kr. (+1,4 mill.)
- Satsing gjennom fylkesplanprogramma 12,5 mill. kr. (inga endring)

Hovudutval for plan og næring gav også stiftinga INU-FSF i oppdrag å forvalte 33,3 mill. kr. i kompensasjonsmidlar for høg arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora.

1. Måloppnåing/resultatvurdering Fylkesplanen er sentral i utviklinga av fylket

Fylkesplanen vert mellom anna sett i verk gjennom bedriftsretta satsing gjennom Innovasjon Noreg, samarbeid med regionråd, forvaltning av kommunale næringsfond og samarbeid kring bruken av midlar til INU-FSF. Fylkesplanen vert og sett i verk gjennom omfattande partnarskapsarbeid i dei fem fylkesplanprogramma: Opplevingsnæringer, Havbruk og Fiskeri, Entreprenørskap og nyskapning, Folkehelse og Livsutfaldning, og Fornying av offentleg sektor og IKT.

Folkehelsearbeid

- I 2009 har det gått mykje tid til

deltaking i politikk- og strategiutvikling på nasjonalt og regionalt nivå knytt til folkehelselova, forvalningsreforma og samhandlingsreforma.

- Tal kommunar i folkehelsenettverket har auka frå 20 i 2008 til 21 i 2009. I tillegg er det teikna partnarskapsavtale med Sogn og Fjordane Røde kors og Nasjonalforeininga for folkehelsa.

Kommunane er viktige samarbeidspartnarar

Kommunane er viktige samarbeidspartnarar. Fylkeskommunen samarbeider med og rettleiar kommunane i planverksemd etter plan- og bygningslova.

- 178 kommune/kommunedelplanar og detaljplanar har vore på høyring. Regionalavdelinga handsama 63 av desse.
- 5,1 mill kr vart løyvt til tettstadprosjekt i kommunane: Stryn, Hornindal, Bremanger, Førde, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik og Gulen.
- Arbeidet med regionale planar for vindkraft og vasskraft som samarbeidsprosjekt med partnarskapen heldt fram i 2009 med sikte på vedtak i fylkestinget i juni 2010. Ein omfattande landskapsanalyse med tanke på vindkraftproblematikk langs kysten av fylket er utarbeidd

Omstillingsarbeid

- Kommunane Høyanger og Vågsøy hadde omstillingsstatus og fekk til saman 6 mill. kr i 2009. Flora kommune fekk 0,5 mill. kr. til å avslutte sitt omstillingsarbeid. Askvoll fekk i februar 2009 tilskot på 0,2 mill. kr. til gjennomføring av ein strategisk utviklingsanalyse, som skal danne

grunnlaget for søknad om omstillingsstatus frå 2010. Hyllestad kommune fekk 0,8 mill. kr. og Jølster kommune fekk 0,2 mill. kr. til sitt omstillingsarbeid.

- Kommunane har arbeidd godt med omstillingsarbeidet. I Selje stoppa det litt opp i 2008, men dei kom godt i gang med utvikling av ein spissa næringsplan i 2009, og fekk då overførd omstillingsmidlar frå 2008 til dette arbeidet. Vågsøy og Høyanger har fått resultat av arbeidet, men Høyanger har fått stadig nye utfordringar som dei også i 2009 arbeidde mykje med. Høyanger fekk i tillegg ei løyving på 30 mill. kr. til omstillingsarbeid i samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett for 2009.
- Høgskulen i Sogn og Fjordane har vurdert det regionale omstillingsarbeidet i Årdal, Høyanger og Flora. Rapporten konkluderer med at det er mange positive erfaringar.

Næringsretta arbeid

- I 2009 vedtok Fylkestinget ein strategi for næringsretta forsking og utvikling (FoU), der marin sektor, landbruk, fornybar energi og reiseliv er prioriterte satsingsområde.
- Det vart løyvt 19 millionar kroner til utbetring av breiband - og mobildekning i 19 kommunar i fylket. Dette vart finansiert med restmidlar frå tidlegare fasar av breibandsutbyggingsa. Det er lagt særleg vekt på prosjekt som er til nytte for næringslivet i distriktet.
- Det vart inngått ny eittårig avtale med dei gamle næringshagane i fylket, Stryn, Sandane, Nordfjordeid, Leikanger og Flora næringshagar.
- Fylkeskommunen har støtt





Anne van Oorschot i Framtidsfylket og fylkeskommunen tok opp samarbeid mellom anna om ordninga med trainee'ar i 2009.

Foto: Henning Rivedal.

arbeidet til Framtidsfylket AS for å rekruttere ungdom til kompetanse- arbeidsplassar i fylket. Hausten 2009 vart fylkeskommunen også ei traineebedrift og ein del av traineeprogrammet til Framtidsfylket.

- Reiseliv er eit viktig satsingsområde for fylkeskommunen. Dei viktigaste offentlege strategiane, er å støtta utviklinga av infrastruktur og fellestiltak, internasjonal marknadsføring gjennom Fjord Norge, og utvikling av opplevingsnæringane og bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Noreg.
- Sogn og Fjordane har hatt leiinga i Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar; eit fylkesovergripande og forpliktande samarbeide mellom fire vestlandsfylke.
- Det er utvikla ein modell for straum og vasskontaktnettverk i Sunnfjord, noko som kan vere eit hjelpemiddel for å bekjempe smitte mellom oppdrettslokalitetar i regionen.
- Felles vestlandsstand for næringsaktørane frå Vestlandet under AquaNor 2009.

Offshore

- 2009 har vore eit aktivt år ved Fjord base. Dette skuldast ikkje minst høg aktivitet ved utbygging av Gjøafeltet og tilrettelegging av nytt areal i samband med at Statoil utviklar sitt logistikksenter for rør. LNG-terminal er bygd og teken i bruk.
- På Lutelandet er anleggsarbeidet i gang med planering av areal og bygging av kai og veg.

Energi

- Fylkeskommunen har vore sentral i skipinga av Vindkraftforum Sogn og Fjordane. Forumet har som mål å sikre utbygging og drift av vindkraft på brei front i fylket - særskilt realisering av den fyrste fullskala off-

shore vindparken i Noreg utanfor kysten av Sogn og Fjordane, med størst mogleg verdiskaping i fylket.
• Strategien for satsinga på fornybar energi er vedteken.
• Fylkeskommunen uttalte seg som høyningsinstans til 15 konsesjons-søknader om vasskraftutbygging. Samla årsproduksjon for prosjekta i desse sakene er 482 GWh.
• I tillegg vart det gitt uttale til meldingar med framlegg til utgreiingsprogram for sju prosjekt. Fleire av desse er relativt store opprustings- og utvidingsprosjekt knytt til tidlegare utbyggingar i Indre Sogn.

Generelt om måloppnåing/re-sultatvurdering

Det står enno att å etablere gode in-



Gründerprisen 2009 gjekk til bedrifta AskAdam i Gulen ved Linn og Njål Wilberg. Dei harbygt opp den første bedriften i landet som sel SMS søk mot nettleksikon. Foto: Bente Sørnsthagen.





Fylkeskommunen løvde i 2009 5,1 millionar kroner til 10 tettstadutviklingsprosjekt. Eit av resultata er den nye sentrumsparken i Sogndal som fekk drygt 1,1 millionar kroner. Foto: Sogndal kommune.

dikatorar i høve resultata vi oppnår. Det er starta eit arbeid med å forbetre mål- og resultatvurderinga til sektoren. Sjå elles rapportering i vedlegg i høve måla i målekartet.

2. Effektiviseringstiltak i 2009

På Vestlandet har fylkeskommunane effektivisert arbeidet sitt med nye marine artar i oppdrett gjennom eit eige vestlandsprogram.

3. Miljø, folkehelse, livsutfaldning og universell utforming

Avdelinga har aktivt gitt råd til kommunane om klima, miljø og universell utforming i aktuelle plansaker og i planforum, samt halde innlegg på to samlingar og gitt tilskot til to prosjekt

om universell utforming.

Det vart fordelt 0,3 mill. kr. til miljøfremjande LA21 - tiltak. Frå det fylkeskommunale ENØK-fondet vart det delt ut 1,7 mill. kr.

I 2009 vart det starta ei systematisk oppfølging av tiltaka i fylkesdelplan for klima og miljø. Nokre av arbeidsområda i 2009:

- Miljøsertifisering av Fylkeshuset
- Det har blitt oppretta ei styringsgruppe og klimasamarbeid mellom fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen; ansvar for oppfølging i kommunane
- Det er utarbeidd eit rekneskap for klimafotavtrykk frå den fylkeskommunale verksemda

- Oppstart av eit FoU - oppdrag som skal gi betre retning på oppfølgingsarbeidet med fylkesdelplan for klima og miljø

4. Spesielle fylkestingssaker

- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Vedtak av fylkesdelplan - forvaltningsplan etter vassforvaltningsforskrifta. Forvaltningsplan for Vestlandet, Stryn vassområde
- Etablering av regionalt forskingsfond for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- Næringsretta strategi for forsking og utvikling i Sogn og Fjordane.
- Fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Noreg
- Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane.





Frå eplehage til moderne byråkrati.
Dette biletet som nærmar seg ein alder på 30 år, viser korleis det såg ut på Hermansverk eller Njøsasanden som det heiter frå gamalt av før Fylkeshuset og Statens Hus kom. Fylkeskommunen kjøpte eigedommen som Fylkeshuset no står på av Gudveig Njøs. Som ein del av avtalen bygde fylkeskommunen nytt hus til henne på ein resterande del av tomta. Eit minne om det som var er frukttreet som står inn til veggan på nedsida av kantina i Fylkeshuset.
Statens Hus er no kome på tomta på Jakob-garden i Njøsabakken. På den tid då dette biletet vart teke, heldt til dømes samferdslekontoret og bygge- og eigedomstenesta til i eine fløyen av Sognefjord Hotel, kjent som "Knausen". Biletet er lånt frå hustrykkjeriet i Fylkeshuset.



Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid.

Samferdsle

Måloppnåing/resultatvurdering

Tal unike brukarar av ruteinfo.net auka med 11 % i høve 2008. I snitt låg tal unike brukarar av ruteinfo.net på 11 667 per månad i 2009.

Fra 1. mai 2008 har 1881 i Lærdal drifta ruteopplysingstelefonen 177. I 2009 var 57 196 anrop i opningstida, der 51 344 eller 90 % vart svarde på. Bussruter i det fylkeskommunale teneeskjøpet hadde 1 565 000 passasjerar i 2009, som representerer ein nedgang på 2000 reisande i høve 2008. Passasjertalet syner vanleg reisande utanom skuleelevar. Snøgg-båt-rutene mellom fylket og Bergen hadde 304 000 passasjerar i 2009, noko som er ein auke på 2,78 % i høve 2008.

Bruken av ungdomskort gjekk ned med om lag 5 % i forhold til året før. Med unntak av juli og august, vart det i 2009 i snitt seld 1 131 oblatar til ungdomskort per månad. Salet av ungdomskort har generelt gått ned dei seinare åra, noko som mellom anna skuldast innføring av ordninga med fleksibel skuleskyss frå hausten 2007. I 2009 auka prisen på ungdomskort frå kr 340 til kr 350, ein auke på 3 %.

Det var 51 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2009, ein liten auke frå året før.

Før tilrettelagt transport vart det løyvd totalt kr 5 mill i 2009.

Regional utviklingsaktør

Rutetilbodet vart vidareført i 2009 med nokre små endringar. Hovudutval for samferdsles omdisponerte 1,3 mill kr i 2009 frå ruter som er lite nytta, til sørvissskyss.

Før å gjere det lettare for elevane frå Aurland å dagpendle, starta Aurland kommune opp skulerute med båt for elevar som går på Sogndal

vidaregåande skule hausten 2009.

Fylkeskommunen ytte eit tilskot på kr 319 000 i 2009, tilsvarende kostnaden med skulebuss frå Flåm til Sogndal. Det vart oppretta båtrute frå Atløy til Askvoll i korrespondanse med buss til Dale vidaregåande skule. For denne ytte fylkeskommunen kr 61 000 i tilskot i 2009.

Rammevilkår/økonomi

Samferdsles sitt budsjett på 431,2 mill kr i 2009 femna om 115,6 mill kr til fylkesvegar, 313,5 mill kr til kollektivtrafikk og 2,2 mill kr til dekking av NOx-avgift. Innan kollektivtrafikken går vel 287,8 mill kr til buss- og båtruter medrekna skuleskyss. Andre tiltak i budsjettet til kollektivtrafikk er mellom anna ungdomskort, Trygt heim



Fylkespolitikarane Margreta Nixelsaker (Sp) og Åshild Kjelsnes (Ap) følgjer interessert med når det vert demonstrert universell utforming av buss som del av fylkeskommunen sitt engasjement for auka tilgjenge.
Foto: Henning Rivedal.

I framtida vil fylkeskommunen og Statens vegvesen sine folk få eit nærrare samarbeid knytt til dei nye utfordringane på samferdslesektoren. Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid.



for ein 50-lapp, lokale transporttilbod for ungdom, passasjerterminalar, tilrettelagt transport og godsruter med bil og båt. Til samanlikning hadde samferdsle eit samla budsjett på 404,5 mill kr i 2008.

I første tertialrapport fekk samferdsle tilført 7,7 mill kr, av dette 2,7 mill kr til vedlikehald av fv 243(Aurland), trafikksubsidiar med 0,5 mill kr til skuleskyss båt og 4,5 mill kr på ekstrakostnader ved mellombels avtale på snøggbåt. I andre tertialrapport vart ramma til samferdsleleføremål nedjustert med 3,253 mill kr som følgje av omlegging av Nox-kompensajonsordninga. Rekneskapen for 2009 synte eit underforbruk på 2,6 mill kr i høve budsjettet, der 1,3 mill kr av dette skuldast at prosjektet sørviskskyss ikkje vart starta opp i 2009 som planlagt.

I 2009 var kostnaden for fylkeskommunen sitt kjøp av tenester frå rutebilselskapa kr 22,54 pr km; 2,85 % høgare enn i 2008.

Universell utforming

Fylkeskommunen fekk etter søknad tilsegn om 1,483 mill kr i BRA-midlar frå samferdsledepartementet til universell utforming av uteområdet på rutebilstasjonen i Førde. Fylkeskommunen

løyvde 0,5 mill. kr i eigenfinansiering til nemnde prosjekt.

Fylkesvegar

I 2009 var det løyvd 27,6 mill kr til investering på fylkesveg. I tillegg kom overførte midlar frå 2008 med 71,9 mill kr, slik at det totalt var kr 99,5 mill kr disponibelt for fylkesveginvestering i 2009. Unytta løyving ved slutten av året var 35,5 mill kr. Mindreforbruket skriv seg hovudsakeleg frå Fastlands-sambandet Ytre Gulen og ferjekai Villevika

I 2009 vart det brukt 78,6 mill kr til drift og vedlikehald av fylkesvegane. Dette er ein reduksjon på 2,7 % samanlikna med 2008. I 2009 vart det brukt kr 54,50 pr meter veg til drift og vedlikehald. I 2008 vart det brukt kr 52,30.

Effektiviseringstiltak

Den fireårige avtala fylkeskommunen har med rutebilselskapa skal gje ei vitamininnsprøytning for å effektivisere, utvikle, marknadsføre og selje reisetilbodet.

Spesielle fylkestingsaker:

- Skuleskysstilbodet med båt mellom Vik og Sogndal vart ikkje vidareført.
- Det vart oppretta fylkeskommunal

skuleskyss med buss mellom Flåm og Sogndal.

- Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule vart reviderte
- Godsbåttilbodet til Gulen og Solund vart etter anbodsutlysing vidareført på dagens nivå fram til 30.04.12.
- Det vart inngått ny avtale med rutebilselskapa for perioden 01.01.2010 - 01.01.2017. Avtalen skal gradvis fasast ut med anbods-ruter.
- Det vart oppretta kabelferje til Hisarøy. I rute mellom Solund/Gulen og Austrheim skal det setjast inn ein båt som er tilpassa sjøforholda i området .
- Rassikringstiltak på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane for perioden 2010 – 13 er vedtekne som innspel til Samferdsledepartementet sitt arbeid med eit nasjonalt handlingsprogram.
- Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 – 2013 (19) vart vedteke i fylkestinget i desember.



Her er elevar og lærarar frå Dale vidaregåande skule i Spania saman med elevar og lærarar i Murcia. Dei spanske elevane har også vitja skulen i Dale. Dette er eit Comenius-prosjekt som handlar om internasjonalisering. Foto: Dale vidaregåande skule.




Elevar og lærarar ved Høyanger vidaregåande skule var i Istanbul i Tyrkia i samband med eit to-årig Comenius- prosjekt om klimaendringar som dei deltek i saman med seks andre skular i Europa. Desse jentene er klar til å gå inn i Den blå moské. Foto: Iris Kopperud.



Ungdommens Kulturmønstring er eit fylkeskommunalt tiltak som har blitt ein stor og populær møteplass for kulturungdom i fylket vårt. Foto: Thomas Morell.



Inne i dette stillaset vert Yris hotell på Nordfjordeid restaurert. Fylkeskommunen har ytt tilskotsmidlar til restaureringa og har hatt tett oppfølging av arbeidet. Foto: Stig Nordrumshaugen.



Første fylkestannlegen vår Reidar Tveit og assisterende fylkesrådmann Bjørn Birger Bremer
då den offentlege tannhelsetenesta feira 50-årsjubileum. Foto: Henning Rivedal.

Den offentlege tannhelsetenesta

Måloppnåing/resultatvurdering

Tannhelsetenesta har eiga driftsavtale der det er definert tal for måloppnåing. Tannhelsetenesta har ansvar for barn og unge 0-18 år (gr A), psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr B), grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (gr C1) og heimesjukepleie (gr C2) og ungdom 19-20 år (gr D). For 2009 var totalt 29 426 personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn. Dette utgjer 91,9% av totalt tal i desse gruppene, og er marginalt lågare i høve 2008 med 93,3%. Resultata ligg over måltala sett i driftsavtalen, som samla for dette klientellet er 86% under tilsyn.

Det vert kvart år registrert tannhelsedata på nøkkelårskull, 5-, 12- og 18-åringar. Resultatet for 2009 syner nok ein gong at born og unge (0-18 år) i Sogn og Fjordane er i landstoppen.

Blant 5 åringane var heile 84,7% utan hol i mjølketennene, og dette er ei forbeting i høve 2008. For 12- og 18-åringane ligg resultata på om lag same nivå som i 2008. Alle resultat er innanfor dei måla som er sette.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta vart auka med ca 5% frå 15. februar 2009.

Effektiviseringstiltak

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 103,5 årsverk i 2009. Av desse var 33 tannlegeårsverk, 14,5 tannpleiarårsverk. Det er utført færre tannlegeårsverk og fleire tannpleiarårsverk enn i 2008. Pr 31.12.2009 var 2 overtannlegestillingar og 9 tannlegestillingar ledige.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde 40 907 pasientar under tilsyn i 2009. Dette utgjer om lag 38,4% av be-



Då Erik Orten takka av som fylkesdirektør for tannhelse i 2009 vart han avløyst av Bent Rønneklev, her saman med rådgjevar Britt Sønnesyn. Foto: Henning Rivedal.

folkninga totalt i fylket og er ein svak nedgang i høve 2008.

Folkehelse

Tannhelsetenesta er framleis ein aktiv medspelar i folkehelsearbeidet og er representert i folkehelsegruppa som fylkesmannen har oppretta. Tannhelsetenesta vedtok i 2009 å omorganisere folkehelsearbeidet og har skilt dette ut som eit eige ansvarsområde. Det vil på bakgrunn av denne omorganiseringa bli oppretta ei folkehelsegruppe og utarbeidd ein plan for folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta. Det er etablert samarbeid med 22 av kommunane i fylket.

Spesielle fylkestingssaker

Tannhelsetenesta har tidlegare arbeidd med å etablere eit prøveprosjekt i Stryn som tok sikte på å prøve ut ein alternativ driftsmodell. I 2009 vart det klart at ein måtte skrinlegge dette prosjektet på bakgrunn av juridiske problem. Fylkesutvalet vedtok difor i sak 19/09 å opplyse det etablerte sel-

skapet Stryn Tannklinik A/S. Prosjektet går no over i ein ny fase der ein tek sikte på å få utvikla modular til journalsystemet med tanke på å finne kostnader med prioritert klientell, og det er søkt om vidareføring av prosjektmidlar til 2010.



Den offentlege tannhelsetenesta feira 50-årbjubileum i 2009. Då produserte fylkeskommunen boka "Frå tanntrekking til folketannrøkt" som set denne tenesta inn i eit historisk perspektiv. Foto: Henning Rivedal

Elevar med fordjuping i kjemiprosessfag og automasjon ved Øyrane vidaregåande skule i Førde, viser framtidssretta aktivitet i traileren "Tenning på teknologi".

Foto: Ajdin Bahonjic.



Denne Gitarkua til Malakoff Rockfestival på Nordfjordeid er produsert ved Eid vidaregåande skule.
Foto: Henning Rivedal.



Åshild Kjelsnes (Ap) tok over som fylkesvaraordførar etter at partikollega Tor Bremer vart vald til stortingsrepresentant ved Stortingsvalet.
Foto: Henning Rivedal.



Vedlegg

Måloppnåing / resultatvurdering i 2009
sett i høve til målekarta for sektorane

	Side
Opplæring	34
Kultur	40
Samferdsle	42
Plan og næring	45
Tannhelse	46

Forklaring til fargererverdiane i målekarta.

Grønt = betre enn 4,33 på ein skala frå frå

1 - 6, der 6 er best.

Gult = betre enn 2,67 og dårligare enn
4,33.

Raudt = dårligare enn 2,67.

Opplæring – Resultat sett i høve målekart 2009

Forklaring til fargerverdiene i målekart.

Grønt = betre enn 4,33 på ein skala frå 1 – 6, der 6 er best.

Gult = betre enn 2,67 og dårligare enn 4,33.

Raudt = dårligare enn 2,67.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/BRUKARPERSPEKTIVET

T1 Kritisk suksessfaktor: Samarbeid om opplæringstilbodet i regionen

Måleindikator T1-1: Opplevd nytte av samarbeidet i regionen	Resultat 2008: 3,5	Ambisjonsnivå 2009: Gjennomsnitt i regionane >4,5 (skala 1-6)	Resultat 2009: 3,8
Måleindikator T1-2: Tilbod om fjernundervisning	Resultat 2008: 9 av 14 skular tilbyr fjernundervisning	Ambisjonsnivå 2009: Tal tilbod >1 pr skule	Resultat 2009: 6 av 14 skular tilbyr fjernundervisning

T2 Kritisk suksessfaktor: Læringsmiljø (gjeld berre elevar, sjå merknad1)

Måleindikator T2-1: Tilpassa opplæring	Resultat 2008: 77% av elevane som har svara oppgir at dei i alle/dei fleste/mange fag får nok utfordringar på skulen.	Ambisjonsnivå 2009: "Grøn skåre"	Resultat 2009: Sjå merknad 3.
Måleindikator T2-2: Trivsel	Resultat 2008: 68,3% av elevane som har svara oppgir at dei i alle/dei fleste/mange fag får støtte og hjelpe frå læraren når dei treng det. 60,8 % av elevane som har svara oppgir at dei i alle/dei fleste/mange fag synest at opplæringa er tilpassa sitt nivå.	Ambisjonsnivå 2009: "Grøn skåre"	Resultat 2009: Sjå merknad 3.

Måleindikator T2-3: Læring	Resultat 2008: Elevundersøkinga for 2009 måler ikkje læringsutvikling slik det var føresetti i vedteke målekart. Viser til måling av "læring" i elevundersøkinga (Utdanningsdirektoratet).	Ambisjonsnivå 2009: "Grøn skåre"	Resultat 2009: Sjå merknad 3.
Måleindikator T2-4: Hybelbuavar på Vg1	Resultat 2008: 93,6% av søkjarine fekk tilbod på 1. ønskje	Ambisjonsnivå 2009: Førstast mogeleg utfrivillige hybelbuavar	Resultat 2009: Skuleåret 2009/10 fekk 87% av 16-år- ingane (Vg1) inn.på første ønsket sitt.

Måleindikator T2-5: Fråfall	Resultat 2008: Halvere gruppa som oppgir feilval som årsak til avbrot	Ambisjonsnivå 2009: "Grøn skåre"	Resultat 2009: 2008: 20 2009: 19
---------------------------------------	--	--	---

T3 Kritisk suksessfaktor: Læringsutbytte

Måleindikator T3-1 Karakterutvikling

Resultat 2008:
